



Stord vatn og avlaup KF



Årsmelding og
Rekneskap 2013



Foto/grafisk design:
BO design & foto

Forsidebilde fra Ådlandsvatnet

Innhald

Innhald	3
Året 2013	4
Administrasjon og leing	
Styret	5
Medarbeidarar/organisering/likestilling	5
Organisasjonsplan 2013	6
Lokal	6
Administrative tiltak 2013 – Evaluering	7
Drift VAR	
Kjernetjenester i SVA KF VAR	9
Drift VAR	10
Nøkkeltal frå drifta VAR	10
Drift VTP	
Kjernetjenester i SVA KF VTP	11
Drift VTP	11
Prosjekt VAR	
Pågåande prosjekt	12
Prosjekt VTP	
Utførte prosjekt	12
Arbeidsmiljø	
Arbeidsmiljø, hendingar, avvik, sjukefråvær	13
Kompetanseheving	14
Anna	
Nøkkeltal. Kundar hos Stord vatn og avlaup KF	14
Nøkkeltal. Utvikling av eigedomsgebyra	14
Rekneskap -, fakturering - og arkivtenester mm	15
Jubileum 2013	
Hundre år med kommunalt vatn i Stord	15
Årsrekneskapen 2013	
Investeringar/lån	16
Drift	16
Resultat/fond	18
Styret	19

STYRET SIN ÅRSBERETNING OG ÅRSREKNESKAP 2013

For Stord vatn og avlaup KF

Året 2013

Utbygging og drift av vassforsyning - og avløpsanlegg er grunnleggjande for samfunnsutviklinga både lokalt, regionalt og nasjonalt. Overordna godkjenning - og kontrollmynde for produksjon og levering av drikkevatt og reinsing av spillvatn stiller strenge krav til kvalitet og tryggleik i alle ledd. Stord kommune har i denne samanhengen store utfordringar i åra som kjem både med utbygging av nye VA – anlegg, rehabilitering av eksisterande anlegg, kvalitetssikring av drifta i eit heilskapleg og berekraftig HMT perspektiv.

Produksjonen av drikkevatt var for 2013 omkring det same som for året før. Det blei totalt produsert 4 204 345 000 liter drikkevatt i 2013.

Det var i 2013 registrert 26 brot på dei kommunale hovudvassleidningane, mot 40 brot i 2012. Vasslekkasjar er ei stor utfordring for driftsorganisasjon. Lekkasjesøk og kontinuerleg betring av leidningsnettet er ei av dei viktigaste oppgåvene for føretaket. Arbeidet med fokus på oppfølging av lekkasje er nok ei av mange årsaker til at det er produsert færre liter vatn i 2013.

I 2013 har det vore stor aktivitet på prosjektsida. Prosjekt i SVA blir handtert på to ulike måtar. Prosjekt der SVA nyttar egne tilsette saman med eksterne ressursar (entreprenør), og prosjekt der driftsavdelinga sjølv utfører alt arbeidet. SVA er og ein viktig part i nokre av dei store private utbyggingsprosjekta i kommunen. Dette gjev god synergieffekt.

I 2013 har det blitt nytta meir midlar til investering enn budsjettet. Dette har ført til at utsette prosjekt frå tidlegare år er gjennomført i 2013. Dette er positivt. VA saneringa i/på Jensaneset i Sagvåg er eit godt eksempel på dette!

Rullering av kommunedelplanane for vassforsyning og avløp vil leggje føringane for den framtidige utbygginga av infrastrukturen i Stord kommune. Denne rulleringa blei starta i 2013 og skal etter planen opp til kommunestyrevedtak i desember 2014. Dette er eit viktig og omfattande arbeid for SVA. Arbeidet med rullering av kommunedelplanane er særskilt omfattande og ein ser det som utfordrande med å halda tidsplanen.

Også 2013 har vore utfordrande for både driftsorganisasjonen, og administrasjonen i føretaket, og det er utført eit godt og framtidretta arbeid både når det gjeld utbygging og drift av veg, vatn og avløpsanlegg. Styret takkar medarbeidarane i føretaket for innsatsen, og håpar at kundane og innbyggjarane i Stord kommune er nøgde med dei tenestene som SVA KF har utført.

Styret

Adminstrasjon og leing

Styret

Styret for SVA KF hadde for året 2013 fylgjande samansetning:

Roy-Sverre Amundsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Hege Økland	Styremedlem
Gunhild Enes	Styremedlem valt av medarbeidarane. (Til 10.09.13)
Øivind Lothe	Styremedlem valt av medarbeidarane. (Frå 10.09.13)
Johannes Njøsen	Styremedlem
Stein Birger Lekven	Vara. (Til 1.07.13)
Hilde Grov Ottesen	Vara
Kurt Håkon Grundvold	Vara. (Frå 01.07.13)
Trond Hjørtåker	Vara. (Frå 01.07.13)
Leif P Lie	Vara valt av medarbeidarane i SVA

Styret har hatt 14 møter i 2013. Eitt av møta var strategimøte. Det har vore handsama totalt 41 saker gjennom året.

Styret har gjennom året lagt ned mykje arbeid i saka gjeldande evaluering av SVA si organisasjonsform og innhald av tenester.

Medarbeidarar/organisering/likestilling

Ved utgangen av 2013 var det totalt 35 medarbeidarar i føretaket; 8 kvinner og 27 menn.

Føretaket er organisert med 7 tenesteproduserande avdelingar: Økonomi, VAR-Drift, IK/HMT tenester, Prosjekt, Veg, Trafikksikring og Parkering.

I tillegg kjøper føretaket tenester frå administrasjonen i Stord kommune; Personaltenester, Rekneskap og Løn, IKT, Sekretær- og arkivtenester, tingartenester og post/teletenester.

Medarbeidarane er fordelt slik:

	Medarb 2011	Medarb 2012	Medarb 2013
Administrasjon	4	5	6
Driftsleing, forvaltning og Kontroll	5	7	6
Drift	12	19	19
Økonomi forvaltning	2	2	2
Prosjektleing	2	2	2
Sum	25	35	35

Stillingsprosent var i 2013 som fylgjande: 1 stk. 60%, 2 stk. 70%, 1 stk. 20%, 1 stk. 40%. Resten er 100% stillingar.


Føretaket hadde 4 stk. 100 % vakante stillingar pr. 31.12.2013.

Føretaket hadde ein medarbeidar som var på seniortiltak i tillegg til dei to som valte å bli pensjonist i løpet av året

Føretaket har stor overvekt av menn. Føretaket ser ein positiv trend når det gjeld kvinner innan administrasjon og forvaltning. Ved nye tilsetjingar bør fleire kvinner inn i føretaket, under elles like tilhøve. Føretaket er generelt pålagt å fylja lønspolitikken til Stord kommune. Føretaket er opptatt av likeløn.

Viser også til Note 2 Årsverk, i rekneskapen.

Organisasjonsplan 2013



6

Lokal

Føretaket held til i SKE bygget på Heiane, Rundeheugen 45.

I fyrste etasje:

Her er drifts medarbeidarane lokalisert. Her finn ein formannskontor, matsal, verkstad, lager og garderobar.

På uteområdet ved fyrste etasje:

Her er det garasjeanlegg og parkeringsområde for maskin- og bilpark.

I tredje etasje:

Her finn ein medarbeidarar for administrasjon, forvaltning, kontroll og støttetjenester.

I tredje etasje er også inngang for besøkjande.

Administrative tiltak i 2013 – evaluering

Evaluering av selskapsform og tenesteinnhald.

Gjennom året har Styret og administrasjonen nytta mykje tid og energi på å evaluera føretaket Stord vatn og avlaup KF. Dette arbeidet er tufta på politisk vedtak i Stord kommunestyre.

I det fylgjande avsnittet er det utklypp frå styret sin sluttrapport. Ein vel å ta med fylgjande punkt frå rapporten til Styret:

- Bakgrunn og mandat for evalueringa,
- konklusjon og tilråding
- Styret si framlegg til innstilling.

Start av utklypp frå Styret sin rapport:

Bakgrunn og mandat – Kommunestyret si tinging

Kommunestyret i Stord kommune vedtok i 2009 å organisere einingane for eigedom og vatn og avløp som kommunale føretak; Stord kommunale eigedom KF (SKE) og Stord vatn og avlaup KF (SVA). Føretaka vart stifta og operative frå 01.07.09. Frå 01.01.2012 vart ansvaret for "rest-tekniske tenester" lagt til føretaka ved at park og grønt vart overført til SKE, og veg og parkering vart overført til SVA.

Bakgrunnen for denne evalueringa er «PS 89/12 - Årsbudsjett 2013 / Økonomiplan 2013-2016» vedteke i kommunestyret 29.11.2012 som seier at styra i SVA og SKE skal førestå ei evaluering av føretaket. Utdrag av punkt 12 og 13 c i saka, sitat:

"Kommunestyret vedtek ei evaluering av føretaket som også inneber vurdering av selskapsform og tenester. SVA KF / SKE KF skal førestå evalueringa, eventuelt ved bruk av ekstern hjelp."

Etter fire år med kommunale føretak er erfaringane med drift, tilpassing og utvikling av organisasjonen eit godt grunnlag for evaluering av føretaksmodellen. Eit sentralt tema for drøfting vil i denne samanhengen vere i kva grad dei utfordringane ein har møtt i drifta skuldast sjølve organisasjonsforma. Denne evalueringa har som mål å gje innspel til kommunestyret på forhold som har direkte samanheng med organiseringa, samt vurderer dette mot alternative organisasjonsformer. Evalueringa skal skje i samarbeid med dei tilsette og deira organisasjonar gjennom ein høyringsrunde før rapporten vert fremja for politisk handsaming

Konklusjon / tilråding

Evalueringa har ikkje gitt eit klart bilde på i kva grad hovudmålet slik det er formulert i styreinstruksen er oppnådd. Målet om at føretaket

"skal ha som mål å utvikla ein kostnadseffektiv og serviceretta organisasjon i forhold til selskapet sine oppgåver"

er ikkje objektivt målbar med mindre det vert knytt til andre resultatindikatorar. Styret vil presisera at dei strategiane og tiltaka som leiinga i SVA har nytta sidan SVA vart etablert i 2009 er grunna i målet om å utvikle ein kostnadseffektiv og serviceretta organisasjon.

Styret vil elles i denne samanhengen vise til at gebyra for vatn og avløpstenestene ikkje har vore auka i perioden 2011 – 2013, og at det i styret sitt forslag til budsjett for 2014 er føreslått å halde gebyra på same nivå som i 2013.

VTP – Veg, Trafikk og Parkering

Evalueringa viser at det ikkje er føremålstenleg og effektivt å organisera "Veg, Trafikk og Parkering" (VTP) saman med dei gebyrfinansierte tenestene.

Føresetnaden for effektiv organisering og reindyrking av sjølvfinansierte tenester vart endra då VTP vart lagt til Stord Vatn og Avlaup KF. Styret og administrasjonen er samstemt i si vurdering av at overføring av VTP til SVA som ein integrert del av føretaket ikkje har hatt positiv tyding for korkje forvaltninga av kommunale vegar eller samordning av drifta for veg, vatn og avløpstenesta.

Det ligg ikkje i mandatet til styret i SVA å fremja forslag om framtidig organisering av VTP, men styret meiner at forvaltningsansvaret bør liggje hos kommunen som eigar av kommunal veg.

7

Vatn og avløp

Evalueringa gir eit eintydig bile av at føretaksmodellen ikkje har utvikla ein kostnadseffektiv, service og framtidretta organisasjon for dei gebyrfinansierte tenestene vatn og avløp.

Føretaksmodellen er etter styret si vurdering ikkje ein organisasjonsform som gjev den beste løysinga for effektivisering av dei sjølvfinansierte tenestene vatn og avløp.

Styret meiner at dei sjølvfinansierte tenester for vatn og avløp bør reindyrkast i ei eiga verksemd utan organisatorisk tilknytning til anna kommunal tenesteyting.

I SVA vert dei gebyrfinansierte og kunderetta tenestene styrt gjennom vedtekne politiske forskrifter. Gebyrregulativet, som kommunestyret vedtek kvart år i samband med budsjetthandsaminga, er ei lokal forskrift som legg klare føringar for SVA sitt forvaltningsansvar. Dette medfører at det særst sjeldan vert gjort einskildvedtak i SVA.

Reglane i forvaltningslova gjev soleis tryggleik for likehandsaming og politisk kontroll. Fokus bør i framtida vere retta mot eit samhandlingsmønster i grensesnittet mellom politisk mynde og føretaket si leiing som gir utførande verksemd større fridom, tydeleg ansvar og mynde, og politisk styring på eit overordna nivå.

Det er liten tvil om at oppfølging av budsjett og tiltak i tilknytning til budsjettrevisjonar og tertialrapportering med ein omfattande og regelstyrt saksgang mellom føretaket og rådmannen og mellom føretaket og politisk mynde er lite effektivt og ressurskrevjande. Det er etter styret sitt syn ikkje balanse mellom ressursbruken knytt til styring og kontroll og fridom for føretaket. Spesielt innanfor sjølvkostområdet, som ikkje har innverknad på den ordinære kommunale drifta, verkar rapporteringsrutinane og samhandlingsreglane for byråkratisk og kontrollerande.

Erfaringane etter fire år med kommunalt føretak viser at det ikkje er samsvar mellom mynde og ansvar når ikkje føretaket er eit eiga rettssubjekt. Styret må ha fridom og sjølvstendig ansvar for utvikling av organisasjonen med rett kompetanse og gjennomføringskapasitet. Det er ikkje mogeleg å drive ei verksemd som SVA utan at leiinga i selskapet har formell handlefridom og kan gjerast ansvarleg for eigne val og vedtak. Kommunale føretak som ein del av kommunen sjølve kan ikkje gjerast rettsleg ansvarleg. Som eksempel kan nemnast at om entrepriserettslege konflikter utviklar seg til tvistar er det kommunen som blir stemna som part. Likeins er det kommunen som vert rettsleg ansvarleg gjort ved eventuelle tvistar i arbeidsgjevartilhøvet mellom føretaket og dei tilsette.

Fokus bør i framtida vere retta mot eit samhandlingsmønster i grensesnittet mellom politisk mynde og føretaket si leiing som gir utførande verksemd større fridom, tydeleg ansvar og mynde, og politisk styring på eit overordna nivå. Styret meiner at SVA i framtida bør organiserast som eit eiga rettssubjekt, som eit heileigd kommunalt aksjeselskap. Ved å endre organisasjonsform oppnår Stord kommune:

- Overordna politisk styring gjennom hovudplanar og lokale forskrifter og ei tydeleg eigarstyring i ein tydleg tingar – utfører modell.
- Ein kostnadseffektiv tenesteproduksjon med mindre byråkrati og detaljstyring.
- Sjølvstendig arbeidsgjevaransvar.
- Samsvar mellom ansvar og mynde.
- Oppfyller vilkåra for sjølvkost.
- Ingen fordelingsproblematikk / Ingen skjult kommunal subsidiering.
- Kommunen sin finansielle situasjon vil bli betre ved at lån blir overført til SVA. Reduserer kommunal finansiell risiko.

Renovasjon og slam

Evalueringa viser at SVA si rolle ovanfor SIM ikkje har fungert i samsvar med forventningane i føremål, vedtekter og avtaler.

SVA har ikkje hatt nokon form for påverknad på dei tenestene som SIM IKS utførar for Stord kommune. Styret meiner at det ikkje har noko hensikt å tilføre SVA oppgåver og ansvar som ikkje medfører reell mynde, påverknad eller kontroll slik den er utforma i den politiske tinginga til føretaket.

Om SVA i framtida skal ha ansvaret for oppfølging og kontroll av renovasjon og slamtenesta utført av SIM IKS bør grensesnitta i trekantforholdet SIM, Stord kommune og SVA klargjerast gjennom ei tydeleggjering av ansvar og mynde.

Det er eit sentralt spørsmål om slamhandsaminga i framtida skal løysast av kvar enkelt kommune eller gjennom interkommunale løysingar som i dag. Teknologiske og organisatoriske val vert gjort i samband med handsaming av hovudplanen for avløp som er under revisjon. Styret vel følgjeleg å avventa ei tilråding av framtidig organisering av slamtenesta til hovudplanen er slutthandsama ved utgangen av 2014.

Framlegg til innstilling:

Styret i Stord vatn og avlaup KF innstiller på at Stord Kommunestyret vedtek:

VTP – Veg, Trafikk og Parkering

1. Styret tilrår at VTP ikkje vert organisert som ein integrert del av Stord vatn og avlaup KF i framtida.
2. Styret tilrår at denne organisatoriske endringa vert gjennomført frå 01.07.2014.

Sjølvfinansierte tenester for vatn og avløp

1. Kommunestyret ber styret i Stord Vatn og Avlaup KF utgreie konsekvensane og føresetnaden for overgangen frå føretak til aksjeselskap.
2. Saka skal fremjast for politisk handsaming i samsvar med samhandlingsreglane til føretaket, og leggast fram for kommunestyret i løpet av første halvår 2014.
3. Kommunestyret føreset at den vidare prosessen vert organisert og gjennomført med aktiv medverknad frå arbeidstakarorganisasjonane.

Sjølvfinansierte tenester for renovasjon og slam

1. Styret tilrår at rådmannen saman med leiinga i SVA KF og leiinga i SIM IKS fremjar ei sak som gjer greie for kva forvaltnings – og tilsynsrolle SVA skal utøva på vegne av Stord kommune når det gjeld SIM IKS. Saka skal leggast fram for kommunestyret i løpet av første halvår 2014.
2. Hovudplan for avløp, som er under revisjon, skal leggja premissane for korleis slamtenesta skal organiserast og forvaltast i Stord kommune i framtida.

Utklypp slutt.

Drift VAR

Kjernetenester i SVA KF VAR. Tenester innan sjølvkostprinsippet

Det er Stord vatn og avlaup KF som har eigaransvar for Stord kommune sin vassleveranse, leidningsnett og avløpsreinsanlegg. Føretaket utfører drift, vedlikehaldsarbeidet og forvaltninga. Tenestene (eks overvatn) er fullt ut finansiert med eigedomsgebyr, og skal gå under sjølvkostprinsippet.

Vatn

Drikkevatt som SVA leverer, skal vere hygienisk trygt, klart og utan nemnande lukt, smak eller farge. Det skal ikkje innehalde fysiske, kjemiske eller biologiske komponentar som kan medføre fare for helseskade i vanleg bruk.

Avlaup

Som avløpsabonnt hos SVA skal ein vere sikra at avløpsvatnet vert leia bort på ein hygienisk trygg måte, og at kommunen driv avløpsanlegga i tråd med gjeldande utsløppsløyve.

Den enkelte abonnent har ansvar for å halda eigne stikkleidningar i orden, og skal også sjå til at det ikkje kjem miljøfarleg avfall eller anna stoff i leidningsnettet som kan hindra ei effektiv reinsing i samsvar med gjeldande miljøkrav. Det er ikkje høve å nytta Kjøkkenkvern er i Stord kommune!

Renovasjon

SVA er ansvarleg for renovasjon for hushald og slamtøming i kommunen, men har gitt den utførande oppgåva vidare til Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM).

Drift VAR

Driftsavdelinga for VAR, har også i 2013 hatt eit aktivt år. Driftsavdelinga har utfordringar både på dag- og nattetid.

Vår driftsavdeling for VA driftar fyljande anlegg:

Stasjon	
Vassleidning	244 km
Av dette eternit leidning	22 km
Avløpsleidning	174 km
Vasshandsamingsstasjon (Dynasand og UV)	1 stk.
Krisevasshandsamingsstasjon (Klor)	1 stk.
Høgdebasseng store	2 stk.
Høgdebasseng små	2 stk.
Målekummar på vassleidning	10 stk.
Kommunale spillvass-pumpestasjonar	36 stk.
Kommunale slamavskiljarar	4 stk.
Reinseanlegg Spillvatn (Mek. Sil)	3 stk.

Nøkkeltal frå Drift VAR

I Stord vatn og avlaup KF har me produsert fylgjande mengd vatn for våre kundar:

År	2010	2011	2012	2013	Endr. 12-13
Produsert m3 (x1000 liter)	3.537.746	3.753.676	4 226 337	4 204 346	- 21.991

Tal registrerte brot på vassleidning

År	2010	2011	2012	2013	Endr. 12-13
Brot	28	28	40	26	-14

Mengd utskifta leidning (Sanering og nye utbyggingar i regi av SVA KF)

År	2010	2011	2012	2013	Endr. 12-13
Meter Vassleidning	1599	1823	3883	6300 (2,58%)	+2417
Meter leidning Spillvatn	5109	1804	3415	4335 (2,49%)	+ 920
Meter leidning Overvatn	2605	-	3815	4218	+ 403

10

Drift VTP

Kjernetenester i SVA KF Veg, trafikk og parkering.

Generelt

I tillegg til vanleg forvaltningsarbeid knytt til fagområdet veg og trafikk er det gjeve fråsegner til mange reguleringsplanar osv.

Kommunale vegar

VTP har arbeidsområde for kommunale vegar der fyljande områder går inn i oppgåvene: Drift og vedlikehald av til saman ca. 160 km kommunale vegar og gang- og sykkelvegar, brøyting, grusing/strøing, veglys (her blir vedlikehaldet kjøpt inn via SKL), vegmerking, vegetasjon på veggrunn, reinhald og kommunale bruer

Trafikksikring

VTP er kommunen sin avdeling når det gjeld forvaltning, gjennomføring og kontroll av arbeidsfeltet skilt, trafikkregulering og trafikktryggleikstiltak.

Parkering

VTP er kommunen sin utførande avdeling når det gjeld forvaltning, gjennomføring og kontroll av avgiftsparkeringa i kommunen.

Drift VTP

Drifta i VTP går mest på sommar og vinter vedlikehald av vegar og fortau. Vintervedlikehaldet er mykje avhengig av dei aktuelle vær høva. Det er utfordrande å ha full kontroll over kostnadsrammene i så måte.

Vedlikehaldet går elles på utfordringane med å halde dei kommunale vegane i mest mogeleg køyrbar stand. Mange av vegane er svært slitt og er av ein dårleg stand. Etterslepet på vedlikehald blir for kvart år merkbar større.

Dei store utfordringa med å ha budsjett disiplin i VTP er i stor grad tufta på dei variable kostnadane for straum (gatelys) og vintervedlikehald.

Vår driftsavdeling for VTP driftar fyljande anlegg:

VTP	
Kommunale vegar (asfalt)	139 km
Kommunale vegar (grus)	7 km
Kommunale bruer	12 stk.
Parkeringsplassar for bil (Leirviksområdet)	910 stk.

Viktige tiltak som er utført i 2013:

Kommunale vegar

Det er gjennomført fast drift og vedlikehaldsprogram knyta til sommar og vintervedlikehald dvs. snøbrøyting, strøing, grøftereinsk, feiing, slamsuging av sandfangskummar m.v. Årleg vedlikehaldsprogram for kommunale grusvegar er utført.

SVA veg, trafikk og parkering har fått Multiconsult AS til å laga ein geologisk rapport knyta til behov for fjellsikring ved Utslettvegen v/ Lurane, fjellknaus ved byrjinga av Almåsvegen m.m.

SVA veg, trafikk og parkering har på vegne av fleire samarbeidskommunar fått Veiteknisk institutt til å laga ein ny og grundig kravspesifikasjon som skal vera grunnlaget for ny interkommunal tilbodsrunde for asfaltarbeid i 2014. Eksisterande rammeavtale gjekk ut 15.10.13. Kostnad med arbeidet vert delt mellom dei samarbeidande kommunane.

SVA veg, trafikk og parkering har tilrettelagt / etablert busskur ved Langeland skule. Det er og som eit trafikktryggingstiltak sett opp bom i kryssingspunkt mellom kommunalt leikeareal på Hagamyro og Øklandslivegen. Det skal og nemnast at det er gjennomført ny oppmerking av alle kommunale gangfelt, mange kommunale parkeringsplassar mv.

SVA veg, trafikk og parkering har i 2013 og utført mange oppdrag etter tinging frå Stord vatn og avlaup KF. Avdelinga har ei viktig rolle som støttefunksjon slik at føretaket kan få utført sine tenester ovafor innbyggjarane i kommunen. Desse inntektene er velkomne sidan budsjetta er strame.

Etter initiativ frå Stord veg, trafikk og parkering (VTP) vart det i regi av Vei teknisk institutt halde kurs i arbeidsvarsling etter Statens vegvesen si handbok 051 del 1 og 2 på Vikahaugane sportssenter 19. februar til og med 21. februar. Målgruppa var kommunalt tilsette og eksterne entreprenørar. Det var svært god oppslutnad / respons på dette kurset.

11

Prosjekt VAR

Pågåande prosjekt pr. 31.12.2013.

Føretaket gjennomfører sine prosjekt gjennom to måtar.

To prosjektleiarar som står for dei store og omfattande prosjekta
Driftsavdelinga gjennomfører «Interne» prosjekt og utskiftingar/saneringar. Desse prosjekta blir også til tider omfattande og er betydelege for organisasjonen. (Sjå også tidlegare tabell over saneringsprosjekt)

Føretaket har vore delaktig i eller gjennomført mellom anna fyljande prosjekt i året 2013:
Jensanesvegen/Sagvåg VA - anlegg
Jensanesvegen vegutbygging for SK og SV
Prosjektering VA- Bjellandsvegen
Slamavskiljar Flyplassen
VL Slettedalen-Borrevik
Sjoarbakken VA
Vassleidning Nord Huglo
Sjoarbakken - Storasletto
Skotabergvegen
Hybelsneset-Haugen VA-leidning
Vabakkjenkrysset - omlegging VA
Kappelen-Grunnavågen sjøleidningar
Haugland-Vatnadalen vassleidning
Tyseutbygging VA (bustadfelt)
Rullering kommunedelplan for vassforsyning
Rullering kommunedelplan for avløp
Hovudvassleidning over Heiane Vest
Rehab. VA - Kjøtteinsvegen v/Jungesvingen

Prosjekt VTP

Utførte VTP prosjekt i 2013:

I tillegg til dei løpande drifts, vedlikehald, plan og forvaltningsoppgåvene har veg, trafikk og parkering fått gjennomført følgjande prosjekt i 2013:

1. Prosjekt 7003 Overvassløysing Hagastølen med reasfaltering av den kommunale vegen.
2. Prosjekt 7004 Utskifting av bru på Sagenes, Fjellgardsvegen med reasfaltering av delstrekning.
3. Prosjekt 7005 Utskifting av bru Kyvikstølen / Hestefossjuvet, Kattnakkvegen.
4. Prosjekt 7006 Utskifting av bru, Slettedalen / Borrevik.
5. Prosjekt 7007 Forprosjekt nye Podlen bru / Alternativ tilkomst til Grunnavåg næringsområde.
6. Prosjekt 7008 Rehabilitering av den kommunale Frugardsbrua.
7. Prosjekt 7009 Gjerde langs gang /sykkelveg Stallbakken (Litlabø). Samarbeidsprosjekt med Stord kommunale eigedom KF.

Asfaltering:

Det er gjennomført asfalteringsprogram som omfattar reasfaltering av:

- Utslettevegen, delstrekning Hamnegata
- Delstrekning Åkervikåsen
- Delstrekning Heianevegen
- Delstrekning Sageneset (Fjellgardsvegen)
- Delstrekning Gullskar

Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljø

Føretaket har også i 2013 hatt fokus på arbeidsmiljø og HMT.

Fyljande aktiviteter har blitt utført innan IK/HMT:

- Utført inspeksjon av Aluminiumsklorid tankane ved vasshandsamingsstasjonen
- Førstehjelpskurs
- HMT tiltak Grovsil
- Ny truck Valvatna
- Sosial samling i Golfhuset
- Støymåling arbeid i Grøft
- Kontinuerlig helsekartlegging, vaksinasjon, med arbeidsmiljøundersøking utført.
- Organisasjonskartlegging
- Diverse kursing for medarbeidarane, opplæring VIS (nytt kvalitetssystem), arbeidsvarsling, akkreditert prøvetakning, osv.
- ROS vurdering vatn frå A til Å
- Beredskapsplan utarbeiding, ferdigstill 2014
- Overordna ROS VA

Registrerte hendingar innan HMT

År	2010	2011	2012	2013	Endring
Skade med fråvær	2	0	0	1	1
Skade utan fråvær	2	1	1	1	0
Uønskt hending	2	5	4	0	0

Utviklinga gjeldande skadar og registrering av uønska hendingar er positiv. Dette arbeidet vil halda fram også i 2014!
Målsettinga er: 0 hendingar.

Registrerte avviksmeldingar

År	2010	2011	2012	2013	Endring
Avvik	76	84	87	67	-20

I 2013 blei ikkje lekkasjane registrert som avvik, men som driftsforstyring.
Føretaket si målsetting er at alle avvik skal registrerast. Altså 100 % registrering.
Måltalet er her 150 avviksmeldingar i året! (Ein avviksmelding per Ca 280 utførte arbeidstimar)
Dette viser at registrering av avvik kan bli meir omfattande. Føretaket har fokus på dette, og vil vurdere tiltak her.

Sjuefråvær i snitt SVA KF

År	2010	2011	2012	2013
Langtid i %	2,47	0	2,79	3,11
Korttid i %	2,96	1,64	2,77	4,17
Samla %	5,44	1,64	5,66	7,28

Målsettinga til SVA KF er 4,5%

Kompetanseheving

Føretaket har som strategi å oppnå høg kompetanse innan fagområda og offentleg forvaltning.

Nøkkelord:

- Kompetanse er truleg det områda føretaket har aller størst utfordring på. Det viser seg at det er vanskeleg å rekruttere nye medarbeidarar med dei kvalifikasjonane ein er ute etter. Dette gjeld både på montørsida og spesielt på ingeniørsida. Skal SVA oppnå målsettinga med å være på topp innan service, fagfelt og forvaltning må rekruttering få eit større fokus framover. Fokus på spesielt marknadsføring og lønsevne!
- Medarbeidarane er aktivt med på fagsamlingane som DIHVA (Driftsassistansen Hordaland Vatn og Avløp) arrangerer for medlemskommunane. Fleire medarbeidarar har i 2013 starta på hovudkurset for vassproduksjon! Dette er eit kurs som går over totalt tre veker, og vil halda fram i 2014!
- I 2013 blei SVA sin status ovanfor DHIVA endra. SVA gjekk frå medlem til medeigar.


Anna

Nøkkeltal. Kunder hos Stord vatn og avlaup KF

Stord vatn og avlaup leverer/administrerer følgjande:

	Kunder 2011	Kunder 2012	Kunder 2013	Endring 12 - 13
Leverte vatn til	7.338	7.442	7.555	+ 113
Tatt hand om avlaup frå	6.593	6.703	6.798	+ 95
Tatt hand om avlaup frå hytte/fritid	52	49	50	+ 1
Tal abonnentar slamavskiljarar, hushald	508	507	514	+ 7
Tal abonnentar slamavskiljarar, hytter/fritid	60	62	63	+ 1
Tal abonnentar på renovasjonsteneste, hushald	7.434	7.546	7.664	+ 118
Tal abonnentar på renovasjonsteneste, hytte/fritid	321	320	320	0

Nøkkeltal. Utvikling eigeomsgebyr dei seks siste år



Føretaket har ikkje hatt auke på dei kommunale eigeomsavgiftene dei to siste åra.

Rekneskap -, fakturering - og arkivtenester mm

Føretaket kjøper tenestene rekneskap, fakturering og arkivtenester frå basisorganisasjonen i Stord kommune.

Samla kostnader for tenestekjøp internt i Stord kommune var for 2013 kr 2 493 010,-

Jubileum

Hundre år med kommunalt vatn i Stord


Året 2013 var eit jubileums år for vassproduksjon i kommunale regi.

I september 1913 blei demninga ved Lønningsåsen og leidningsnettlet nedstraums demninga ferdigstilt.

Dette var starten på vassforsyning av drikkevatt for tettstaden Leirvik.

I samband med dette jubileet fekk SVA utarbeida eit jubileumsskriv. Skrivet blei distribuert til alle husstandane i Stord kommune (7300 stk).

Skrivet er å finna på websida til SVA KF www.StordVA.no



Årsrekneskapen 2013

Investeringar/lån

Det var i 2013 budsjettert kr 84 440 295,- til investeringar.

Sjølvcostområda utgjorde av desse kr 81 940 295
Veg, trafikk og parkering utgjorde kr 2 500 000

Stord vatn og avlaup har investert for ca. 90,9 millionar kroner i 2013. Dei største prosjekta har vore vassleidning Haugland-Vatnadalen, hovudvassleidning over Heiane Vest, vatn og avlaupsanlegg Jensanesvegen, Svartbrekko/Hybelneset og Sjoarbakken. Omlegging av vatn og avlaup anlegg ved Vabakkenkrysset har og vore eit stort prosjekt i 2013. I tillegg kjem 16,0 millionar i investering på veg. Veg-avdelinga (VTP) hadde eit investeringsbudsjett på kr 2,5 millionar kroner, i tillegg stod Jensanesvegen for om lag 11 millionar kroner. Det har vore skifta ut bruer ved Saneset og Hestefossjuvet. Gamle Frugardsbrua er og rehabilitert. Resten av investeringsmidlane er gått til asfaltering, gatelys og innkjøp av utstyr. Føretaket står med langsiktig lånegjeld til Stord kommune pr. 31.12.13 med kr 458,9 millionar kroner. Det er betalt 14,4 millionar kroner i avdrag i 2013.

SVA KF	31.12.2012	31.12.2013	Endring siste år
Langsiktig lånegjeld i SK (Mill) VA	393,25	458,9	+ 65,65

Drift

Rekneskapen for SVA 2013 er satt saman av eitt sjølvkostbasert rekneskap (VAR) og eitt kommunefinansiert rekneskap (VTP).

Rekneskapen for 2013 syner:

	Vatn	Avløp	Renovasjon	Slam	Sum VAR	VTP
Netto driftsresultat	-3 824 858	3 395 309	254 889	307 070	132 410	3 688 258
Budsjett 2013	-2 000 000	-118 388		135 089	-1 983 299	0
Avvik mot budsjett	1 824 858	-3 513 697	-254 889	-171 981	-2 115 709	3 688 258

Vatn: Her var det budsjettert med eit meirforbruk på 2 Mill. Grunna større aktivitetar og justeringar på vasshandsamingsstasjonen blei det endelege meirforbruket på 1,8 Mill meir enn budsjettert.

Avløp: Grunna mindre aktivitetar og større inntekter for tilknytning blei resultatet meir positivt enn budsjettert.

VTP sitt driftsresultat korrigert for avsetning til investering (80 prosent av refundert investeringsmoms) er kr. 1 067 495. Dette er det rekneskapsmessige mindreforbruket.

Det har gjennom året vore varsla at VTP vil gå med underskot, grunnen til at ein likevel kjem ut med eit betydeleg mindreforbruk kjem i hovudsak av:

- Gjennomførte kostnadsreducerande tiltak
- Innsparing vinterdrift
- Vakansar
- Meirinntekt sal av tenester

Med dette resultatet dekker veg trafikk og parkering mesteparten av meirforbruket som oppstod i 2012, 1,2 millionar kroner.

	Vatn	Avlaup	Renovasjon	Slam	Sum VAR	VTP
Netto driftsresultat	-3 824 858	3 395 309	254 889	307 070	132 410	3 688 258

Etterkalkyle sjølvkost 2013

Gebyrinntekter	31 896 651	31 321 148	14 534 971	389 077	78 141 847	604 783
Andre driftsinntekter	320 680	301 628	22 604		644 912	17 396 299
Driftsinntekter	32 217 331	31 622 776	14 557 575	389 077	78 786 759	18 001 082
Direkte driftsutgifter	23 446 567	16 891 913	14 315 809	94 611	54 748 900	
Avskrivingskostnad	7 364 175	7 014 302	0	0	14 378 477	
Kalkulatorisk rente (2,63 %)	5 240 438	4 862 376	0	0	10 102 814	
Indirekte netto driftsutgifter	105 874	81 960	3103	222	191 159	
Driftskostnader	36 157 053	28 850 552	14 318 912	94 833	79 421 350	14 312 824
+/- Kalkulert renteinntekt/-kostnad sjølvkostf. (2,63 %)	114 865	623 086	16226	12 825	767 002	
Resultat	-3 824 858	3 395 309	254 889	307 070	132 410	3 688 258
Kostnadsdekning i %	89,1 %	109,6 %	101,7 %	410,3%	99,2 %	
Sjølvkostfond 01.01	6 279 903	21 993 811	489 527	334 125	29 097 366	
-/+ bruk av/avsetning til sjølvkostfond	-3 824 858	3 395 309	254 889	307 070	132 410	
+/- Kalkulert rente-inntekt/-kostnad sjølvkostf. (2,63 %)	0	0	0	0	0	
Overføring til investering						2 620 763
Mindreforbruk VTP						1 067 495
Sjølvkostfond 31.12	2 455 045	25 389 120	744 416	641 195	29 229 776	



Resultat/fond

Stord 25.04. 2014

Vatn, avløp, renovasjon og slam skal først etter prinsippet om sjølvkost. Sjølvkost inneber at kommunen sine kostnader med å tilby tenestene skal dekkjast av gebyra som brukarane av tenestene betalar. Kommunen har ikkje høve til å tena pengar på tenestene. For å kontrollere at dette ikkje skjer må kommunen, etter kvart rekneskapsår, utarbeida ein sjølvkostkalkyle som viser sjølvkostrekneskapen for det enkelte gebyrområdet. Elementa i ein sjølvkostkalkyle avvik frå kommunen sin ordinære driftsrekneskap på enkelte område og dei to rekneskapa vil ikkje kunna samanliknast direkte. Dette betyr at over-/ underskot skal etterkalkulerast og først mot sjølvkostfond.

I sjølvkostkalkylen inngår rekneskapsmessige driftsinntekter, driftsutgifter eksklusiv rekneskapsmessige avskrivningar, kalkulatoriske avskrivningar og rentekostnader, samt indirekte driftsutgifter (administrasjonsutgifter).

Ved berekning av kalkulatoriske avskrivningar gjer ein i sjølvkostberekningane fråtrekk av framandfinansiering. Kalkulatorisk rentekostnad inngår ikkje i kommunen sin driftsrekneskap, men representerer ein alternativ avkasting kommunen går glipp av ved at kapital er bunden i anleggsmidlar. Den kalkulatoriske rentekostnaden vert berekna med utgangspunkt i restavskrivingsverdi for anleggsmidlar og ei kalkylerente. Kalkylerenta er årsgjennomsnittet av Norges Bank si treårige statsobligasjonsrente + 1 prosentpoeng. I 2013 var denne lik 2,63 prosent.


Retningslinene fastset reglar for relevante administrasjonsutgifter som kan gå inn i sjølvkostgrunnlaget. Vidare er det bestemt at eventuelle overskot skal settast av til bundne sjølvkostfond. Eit overskot frå eit enkelt år skal tilbakeførast til brukarane i form av lågare gebyr i løpet av ein femårsperiode. Ein generasjon brukarar skal ikkje subsidiere neste generasjon, eller omvendt. Kostnadene ved tenestene som vert ytt i dag skal dekkjast av dei brukarane som dreg nytte av tenesta.

I tillegg til å utarbeida ein etterkalkyle for kvar betalingsteneste må kommunen også utarbeida forkalkyle i forkant av budsjettåret for å estimere drifts- og kapitalkostnader for neste økonomiplanperiode. Forkalkylane gjev grunnlag for gebyrsatsane i kommunen. På budsjetteringstidspunktet er det ei rekkje usikre faktorar, blant anna framtidig kalkylerente, utvikling av tal på brukarar og generell etterspurnad. I tillegg til å overhalda generasjonsprinsippet bør kommunen ha målsetjing om minst moglege variasjon i dei kommunale gebyra.

Innanfor vatn og avløpsområdet har lågare renteutgifter og kapitalutgifter enn budsjettet dei siste åra ført til oppbygging av desse sjølvkostfonda.


Fonda har hatt denne utviklinga dei siste fire åra og er som fylgjande pr. 31.12.2013:

Fond pr.	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012	31.12.2013	Endring
Vatn	5 477 862	5 190 022	6 279 903	2 455 045	-3 824 858
Avløp	13 763 198	17 339 302	21 993 811	25 389 120	+3 395 309
Renovasjon	709 538	623 913	489 527	744 416	+254 889
Slam	297.633	564.534	334.125	641.195	+132 410
Sum fond	20 248 231	23 717 771	29 097 366	29 229 776	132 410


Roy-Sverre Amundsen
Styreleiar


Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar


Hege Økland
Styremedlem


Øivind Lothe
Styremedlem valt av medarbeidarane


Johannes Njosen
Styremedlem


Sivert Haaland
Dagleg leiar



Innhold

Årsrekneskapen 2013

Økonomisk oversikt:	
Drift reknskap	22
Investeringsreknskap	23
Balanse	24
Notar 1-11	25
Revisjonsberetning	42



Driftsrekneskap

	Notar	Rekneskap 2013	Opph. budsjett	Rev. budsjett	Rekneskap 2012
Driftsinntekter					
Andre sals- og legieinntekter		-81 855 704	-82 584 040	-82 584 040	-80 464 696
Overføringer med krav til motytingar		-14 729 681	-10 860 976	-10 860 976	-11 246 934
Sum driftsinntekter		-96 585 385	-93 445 016	-93 445 016	-91 711 630
Driftsutgifter					
Lønsutgifter		17 294 793	19 467 086	19 467 086	17 381 846
Sosiale utgifter		4 649 604	5 454 601	5 454 601	4 054 531
Kjøp som inngår i kommunal prod.		28 620 448	26 907 657	24 213 883	26 720 100
Kjøp som erstattar eigen prod.		17 417 451	17 610 744	46 057 307	17 391 033
Overføringer		2 389 786	1 873 731	1 873 731	2 048 461
Avskrivningar	9	14 730 536	-	-	12 301 848
Fordelte utgifter		-1 385 301	-1 648 293	-1 648 293	-1 210 560
Sum driftsutgifter		83 717 317	69 665 526	95 418 315	78 687 259
Brutto driftsresultat		-12 868 067	-23 779 490	1 973 299	-13 024 371
Finansinntekter					
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak					
Sum eksterne finansinntekter					
Finansutgifter					
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	7	9 399 459	12 886 395	10 000	15 259 506
Avdragsutgifter	7	14 378 477	12 876 395	-	11 797 848
Sum eksterne finansutgifter		23 777 936	25 762 789	10 000	27 057 354
Resultat eksterne finansieringstransaksjonar		23 777 936	25 762 789	10 000	27 057 354
Motpost avskrivningar	9	-14 730 536	-	-	-12 301 848
Netto driftsresultat		-3 820 668	1 983 299	1 983 299	1 731 135
Interne finansstransaksjonar					
Bruk av bundne fond	4,7	-3 824 858	-2 118 388	-2 118 388	-364 795
Sum bruk av avsetningar		-3 824 858	-2 118 388	-2 118 388	-364 795
Overført til investeringsrekneskapen		2 620 763	-	-	905 846
Avsetningar til bundne fond	4,7	3 957 268	135 089	135 089	5 744 390
Sum avsetningar		6 578 031	135 089	135 089	6 650 235
Rekneskapsmessig meir- (-)/mindreforbruk(+)	7	-1 067 495	-	-	8 016 576

Investeringsrekneskap

	Notar	Rekneskap 2013	Opph. budsjett	Rev. budsjett	Rekneskap 2012
Inntekter investering					
Sal av driftsmidlar og fast eigedom					-256 250
Andre salsinntekter		-2 500 000			
Overføringer med krav til motytingar		-9 197 448			-26 407 338
Andre overføringer		-12 576 284			-6 658 084
Sum inntekter investering		-24 273 732	-	-	-33 321 672
Utgifter investering					
Lønsutgifter		-	-	-	-
Sosiale utgifter		-	-	-	-
Kjøp som inngår i kommunal prod.					
Kjøp som erstattar eigen prod.		100 933 680	79 237 000	79 237 000	84 658 787
Overføringer		3 275 953			1 509 743
Renteutgifter, provisjon og andre finansutg.		2 703 295	2 703 295	2 703 295	1 922 250
Fordelte utgifter		-	-	-	-
Sum utgifter investering		106 912 928	81 940 295	81 940 295	88 090 780
Finansstransaksjonar					
Avdragsutgifter		-	-	-	-
Utlån		-	-	-	-
Kjøp av aksjar og andeler		49 469			45 275
Dekking av tidl års udekka		-	-	-	-
Avsetjingar til ubundne inv.fond		-	-	-	-
Avsetjingar til bundne fond		-	-	-	-
Avsetjingar til likv.reserve		-	-	-	-
Sum finansstransaksjonar		49 469	-	-	45 275
Finansieringsbehov		82 688 665	81 940 295	81 940 295	54 814 383
Dekka slik:					
Bruk av lån					
Bruk av interne lån		-80 067 902	-81 940 295	-81 940 295	-53 908 537
Mottatte avdrag på utlån		-	-	-	-
Sal av aksjar og andeler		-	-	-	-
Bruk av tidl års udisponert		-	-	-	-
Ovf frå særbedrifter		-	-	-	-
Ovf frå driftsrekneskapen		-2 620 763			-905 846
Bruk av disp.fond		-	-	-	-
Bruk av ubundne inv.fond		-	-	-	-
Bruk av bundne fond		-	-	-	-
Bruk av likv.reserve		-	-	-	-
Sum finansiering		-82 688 665	-81 940 295	-81 940 295	-54 814 383
Udekka/ udisponert		-	-	-	-

Balanse

	Notar	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
EIENDELER			
A Anleggsmidler		521 514 952	430 955 832
Faste eiendomar og anlegg	9	469 418 868	381 236 492
Utstyr, maskinar og transportmidlar	9	32 217 251	31 500 049
Utlån			
Aksjar og andeler		125 444	75 975
Pensjonsmidlar	8	19 753 389	18 143 316
B Omløpsmidlar		41 704 946	53 332 355
Kortsiktige fordringar	5	12 518 889	22 628 951
Konserninterne kortsiktige fordringar		26 228 029	1 725 334
Premieavvik	8	976 269	1 081 665
Aksjar og andeler		-	-
Sertifikater		-	-
Obligasjonar		-	-
Kasse, postgiro, bankinnskot		1 981 759	27 896 405
SUM EIGENDELER (A+B)		563 219 898	484 288 187
EIGENKAPITAL			
C Eigenkapital		-47 800 629	-24 591 984
Disposisjonsfond		-	-
Bundne driftsfond	4, 7	-29 229 776	-29 097 366
Ubundne investeringsfond		-	-
Bundne investeringsfond		-	-
Endring i rsk.prinsipp som verkar på AK (dr.)		-	-
Endring i rsk.prinsipp som verkar på AK (inv.)		-	-
Rsk.messig mindreforbruk		-1 067 495	-
Rsk.messig meirforbruk	7	18 066 491	18 066 491
Udisponert i inv.rekneskapen		-	-
Udekket i inv.rekneskapen		-	-
Kapitalkonto	6	-35 569 849	-13 561 109
GJELD			
D Langsiktig gjeld		-485 945 103	-417 394 722
Pensjonsforpliktingar	8	-27 004 059	-24 143 103
Ihendehavarobligasjonslån		-	-
Sertifikatlån		-	-
Andre lån		-	-
Konsernintern langsiktig gjeld	5	-458 941 044	-393 251 619
Ovf frå særbedrifter		-	-
E Kortsiktig gjeld		-29 474 167	-42 301 480
Kassakredittlån	5	-	-
Anna kortsiktig gjeld		-29 351 654	-17 953 165
Konsernintern kortsiktig gjeld	5	26 875	-24 348 315
Premieavvik	8	-149 388	-
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD (C+D+E)		-563 219 899	-484 288 186
MEMORIAKONTI			
F Memoriaført		-	-
Ubrukte lånemidler		-	-
Ubrukte konserninterne lånemidler		-	-
Andre memoriakonti		41 314 397	41 314 397
Motkonto for memoriakonti		-41 314 397	-41 314 397

NOTE 1 Rekneskapsprinsipp, vurderingsreglar og organisering

Rekneskapen er avlagt i samsvar med rekneskapsføresegnene i kommunelova og god kommunal rekneskapskikk. Føretaksrekneskapen er finansielt orientert, og skal syne alle økonomiske midlar som er tilgjengeleg i året, og bruken av desse. Inntekter og utgifter skal tidsmessig plasserast i det året som følgjer av anordningsprinsippet. Anordningsprinsippet betyr at alle kjente utgifter, utbetalingar, inntekter og innbetalingar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd skal gå fram av drifts- eller investeringsrekneskapen i året enten dei er betalte eller ikkje.

Drifts- og investeringsrekneskapen

Alle løpande inntekter og innbetalingar, og bruken av desse skal rekneskapsførast i driftsrekneskapen. Bruk av lånemidler og inntekter knytt til varige driftsmidler og finansielle anleggsmidler vert inntektsført i investeringsrekneskapen. Andre inntekter som er uvanlege eller ikkje regelmessige vert inntektsført i investeringsrekneskapen. Alle investeringar vert utgiftsført i investeringsrekneskapen og balanseført.

Vurderingsregel

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk vert klassifisert som anleggsmidler. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Føretaket sine anleggsmidler er vurdert til brutto skaffekost. Dette vil sei at motteke tilskot ikkje har redusert skaffekost. Dersom verkeleg verdi av anleggsmidler er lågare enn bokført verdi og verdifallet ikkje er forbigåande, er det føreteke nedskrivning til verkeleg verdi. Anleggsmidler med avgrensa økonomisk levetid vert avskreve med like store årlege beløp over levetida til anleggsmiddelet. Avskrivningane startar året etter at anleggsmiddelet er skaffa/teke i bruk. Avskrivning og nedskrivning av anleggsmidler påverkar ikkje resultatet i føretaket sitt drifts- eller investeringsrekneskap. Omløpsmidlane er vurdert til lågaste verdi av skaffekost og verkeleg verdi. Fordringar som skal attendebetalt innan eit år vert klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Pensjonar

Pensjonsmidlar og pensjonsforpliktingar er ført i balansen som høvesvis anleggsmidler og langsiktig gjeld. Pensjonsforpliktinga består av den diskonterte verdi av dei samla framtidige pensjonsyttingane som er opptent ved utgangen av året. Forpliktinga er rekna ut ifrå langsiktige føresetnader om avkastning, lønnsvekst og G-regulering. Årets pensjonskostnad er endring i forpliktinga frå byrjinga til slutten av året. Forskjellen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen med tilbakeføring over dei neste 15 åra. Premieavvik som er oppstått i 2011 og seinare, skal tilbakeførast over 10 år.

NOTE 2 Årsverk

Tekst	2013	2012	2011
Årsverk	28,9	33,6	25
Tilsette	35	35	25
Kvinner	8	8	5
% del kvinner	22,9	22,9	20,0
Menn	27	27	20
% del menn	77,1	77,1	80
Kvinner i leiande stillingar	2	2	2
% del kvinner i leiande stillingar	22,2	25	25
Menn i leiande stillingar	6	6	6
